



Avtale vedrørende bruk av verkstadbygning Knarvik stadion

Det er med verknad frå 1/1 2018 inngått følgjande avtale mellom Lindås kommune, Nordhordland Ballklubb og FIL AKS 77, vedrørende felles bruk av verkstadbygningen i nordvestre ende av Knarvik stadion;

Arealet i verkstadbygningen vert delt mellom FIL AKS 77 og NBK. FIL AKS 77 får disponera den nordre delen som husar garasje, samt verkstad og gamal kastbu langs vestveggen. Samla areal ca 58m².

NBK får disponera tidlegare «speakerbu» samt dei to bodene langs austveggen. Samla areal ca 24 m².

Lindås kommune skal ha fri tilgang til el skap, skap for styring av vatningsanlegg og høgtalarskap i speakerbu, samt el-skap i garasjedelen.

Vilkår;

FIL AKS 77 og NBK kan fritt fjerna og setta opp lettveggar innanfor areal partane disponerer, for å tilpassa arealet sin bruk.

FIL AKS 77 og NBK kan gjera mindre fasadeendringar som montering av dører og vindu. Om nødvendig må laga sjølv stå for å søkja løyve til slike tiltak hjå byggjesaksavdelinga i Lindås kommune.

FIL AKS 77 og NBK delar kostnaden med å erstatta dør mellom gamal speakerbu og verkstad med vegg, dersom partane ønskjer dette.

Eventuelt arbeid på elektriske anlegg skal utførast av føretak som har godkjenning for slikt arbeid.

FIL AKS 77 og NBK syter sjølv for reinhald av sin del av arealet i bygningen.

Lindås kommune står for kostnad med forsikring, straum og VA for bygningen.

FIL AKS 77 og NBK syter for å halde bygget i tilsvarande eller betre stand enn det var da avtalen inntraff. Dei er ansvarleg for alt nødvendig vedlikehald på bygget. Det gjeld og utvendig vedlikehald, vasslekkasjer, knuste vindauge med meir.

Eigedomseininga i Lindås kommune skal disponera ein nøkkel til kvar inngangsdør for dei to lokala i bygningen. Nøkkel skal oppbevarast innelåst på driftsstasjon på Ikenberget.

Lindås kommune dekkar materialkostnad inntil kr 5000 for kvar av dei to klubbane til oppussing.

Varighet for avtale

Avtalen gjeldt fram til 1/1 2022, og vert deretter automatisk vidareført dersom ingen av partane bed om endringar. Lindås kommune har rett til å sei opp avtalen med ei oppseiingstid på 6 mndr.

Dersom Lindås kommune seier opp avtalen, har kommunen ingen plikt til å skaffa FIL AKS 77 eller NBK anna lokale som erstatning.

FIL AKS 77 og NBK står fritt til å trekka seg frå avtalen i heile avtaletida.

Partane er samde om at denne avtalen skal vidareførast sjølv om FIL AKS 77, Nordhordland Ballklubb eller begge, på eit tidspunkt skiftar namn, fusjonerar med anna idrettslag eller inngår i anna idrettslag.

Avtalar inngått av Lindås kommune vert automatisk vidareført i Alver kommune frå 1/1 2020.

Eventuell usemje:

Dersom det skulle oppstå usemje kring avtalen, skal dette bli forsøkt løyst gjennom forhandlingsmøte med Lindås kommune, Nordhordland Ballklubb og FIL AKS 77. Om dette ikkje fører fram, skal saka bringast opp for Lindås Idrettsråd. Skulle dette ikkje føra fram, er det Lindås kommune som huseigar som har avgjerdsrett.

Knarvik 15/1 2018

Nordhordland Ballklubb

FIL AKS 77

Lindås kommune
